

KRAFT

Røldal Suldal Kraft – selskapsfinte mot heimfallsrett

NORSK HYDRO fekk konsesjon for anlegga til Røldal Suldal Kraft ved kongelig resolusjon 21.12.1962. Konsesjonen er basert på heimfall til Staten etter 60 år - kfr. pkt 18. Regulerings-konsesjonen kan ikkje overdras - pkt. 19.

BYGDENE RØLDAL og Suldal har ofra store verdier, dette skjedde i ei tid då industrireisninga i Norge var høgt prioritert. Bygdene hadde lite å stilla opp med i forhold til Storsamfunnet og Utviklinga. Konsesjonen frå 1962 er kontrakten mellom bygdene og Storsamfunnet. Store kraftutbyggingar i Norge har vore underlagt heimfallsretten gjennom eit århundre. Både leg og lærd har vore trygge på at heimfallsretten skulle gjelda, og at verdiane frå krafta i framtida skulle koma lokalsamfunnet og Storsamfunnet til gode.

MEN TIDA me lever i er sterkt prega av at dei store konserna skal styra og profittera. I VG 05.08.2015 kan me lesa: «Selskapsfinte sikrer norsk vannkraft til Hydro: Hydro-sjefen: - Nå kan vi satse i 50 år. Statsminister Erna Solberg og olje- og energiminister Tord Lien har, ved god hjelp av Hydro, pønset ut et selskaps-triks som får Hydro-sjefen til å love satsning i Norge i 50 år. I åra som er gått etter dette, har det vore svært stilt om kva Hydro konkret har planlagt. No viser det seg at Hydro og Lyse Kraft har inngått ein avtale om å kunna overta kraftverket.

I NETTAVISA E24 står det

22.10.2020: «Hydro unngår at Staten tar over kraftverk» «Dette er en gledens dag for alle som heier på norsk industri, norske arbeidsplasser og det grønne skiftet» Næringsminister Iselin Nybø


DET BLIR framstilt som positivt at ein ved ein selskaps-finte og triks unngår at Staten/kommunar overtar kraftverk. Dette er lite solidarisk i høve til kontrakten frå 1962, og bygdene/lokalsamfunna som gjev desse store verdiane. Eit døme på kva verdier lokalsamfunnet har ofra er Valdalen - som vart sett under vatn i 1966.

EIN 90 meter høg dam, og eit magasin med lengde 9 km har teke 17 stolar, over 100 bygningar, eit areal på omlag 6.000 dekar, av dette 640 dekar dyrka/slåttemark.

FOLK I Røldal budde på stolare frå juni til oktober - stølsdrifta var hovudfundamentet for næringslivet i bygda Røldal. Utbygginga førte til ein kraftig knekk for natur, næringsliv og kultur - men kraftutbygginga skulle føra med seg mange nye, gode arbeidsplasser - både ved anlegg og drift.

60 ÅRS drift viser at sentralisering og automatisering har ført til at arbeidsplassene stadig blir færre. I lokalsamfunna ser ein at Hydro ikkje gjev så mykje tilbake som forespeila.

AVTALEN MELLOM Hydro og Lyse Kraft skaper endå meir usikkerhet om framtida, kva



VALLDALEN: Fra Valldalen i Røldal.

FOTO: KNUT GLØERSEN

med konsesjonsbetingelser, konsesjonsavgifter, manøvrering, miljøforhold osv?

HYDRO VIL med ein «selskapsfinte» og «triks» unndra seg kontrakten som er inngått ved konsesjonen i 1962. Denne konsesjonen er basert på heimfall, og at den ikkje kan overdras, kfr. pkt 18 og 19. Vassdragsreguleringslova § 28 Statens heimfallsrett, seier mellom anna at

ein del av anlegget, opptil 1/3 skal tilfalla kommunar der anlegget ligg. At ein 60 år gamal kontrakt, som er basert på heimfall til fellesskapet, skal bli omgjort til ein evigvarande konsesjon, der utbyttet går til Hydro og kommunar i Sør-Rogaland virkar ikkje moralsk riktig i forhold til dei lokalsamfunn som har ofra så store verdier. Hydro burde gå i dialog med lokalsamfunnet om erfa-

ringer som er gjort gjennom 60 år, saman kan ein finna ut korleis ein kan praktisera i tråd med dagens kunnskap og krav.

HYDRO BØR finna fram til ein annan modell, der ein kan ivareta industriproduksjonen, og i større grad visa respekt for bygdene som har ofra så mykje til Storsamfunnet.

Sondof Rabbe

POLITIKK

Kjemp for det du (oss) har kjært

GIJORT MEG nokre tankar om nye Ullensvang kommune, alt skulle verta så bra. Det beste frå kvar kommune skulle inn i den nye, slik vart det ikkje.

LITE SAMHALD i den store kommunen, alle vernar om sine område, skule, parkering og sjukeheimar. Det ikkje dei og andre lengre. Det er OSS. Ein blir sett opp mot kvarandre, i staden for og kjempa saman, hadde ein det, så hadde ein kunna økt presset på politikarane, no når dei skal bestemme kor pengar skal sparast. Men har inntrykk av at nokre av dei ikkje ser lengre enn si eiga nase, sin arbeidsplass, for nokre av dei som er i leiarstilling utanom politikken. Dei må sjå heile kommunen under eit, ikkje berre kjempa for det dei har kjært. Blir ein ikkje litt inhabil då?

SJÅ KOMMUNEN under eit og

ikkje oppstykk, undersøke meir og finn ut av ting.

DET HAR ikkje vore mykje å lesa om Odda sjukeheim i debattane som har vore i HF, det dreier seg for det meste om Utne og Røldal.

FORDI MANGE av Ullensvangarane bryr seg berre om sitt, sin sjukeheim eller skule. Derfor skive eg om det eg har kjært.

REKNAR MED att Odda sjukeheim blir nedlagt, 21 plassar skal vekk, tilsette blir flytta og i verste fall oppsagt.

DETTA ER ein viktig kampsak som skulle vert skreive om, ikkje parkering, som forresten er noko tull. Finst ikkje i verken Røldal, Kinsarvik, Jondal eller Utne, er det rettferdig?

SÅ KVA er viktig å kjempa for?

SÅ KVA med Odda sjukeheim kjære politikarar?

21 Plassar skal vekk, i Odda vil bli det berre 16 sjukeheimplassar att, som er på Bokko.

DET VIL sei att Jondal og Utne vil ha fleire sjukeheimplassar enn Odda by!

KVA TENKER dykk om det?

EIDE SJUKEHEIM kan ikkje stå tomt, veldig dumt å bygga nytt utan å drifta det, burde vel kanskje ikkje bygd den når økonomien er så dårleg, er ein ikkje framsynt?

SÅ JA, eg vil kjempa for Odda sjukeheim, dei tilsette og dei gamle, som vil få eit dårlegare tilbod enn i dag.

DET ER vel fritt sjukeheimsval og? Trur ikkje mange av dei gamle vil til Jondal eller Utne. Eller må ein då ta til takke med den plassen ein får og vere glad for det, sjølv om det er langt unna alt du har kjært.

SÅ JA til ei storstilt opning av (nye Odda sjukeheim) Eide sjukeheim, nytt og flott, både for tilsette på Odda sjukeheim og for dei gamle.

DET ER detta som er viktig, ikkje gondolbane eller parkering. Ikkje flotte dyre investeringar, som ein ikkje har råd til. Det får venta.

SPARETIPS TIL slutt. Ein flott ting rådmann og ordførar m.fl. gjorde i Sogndal, for å visa solidaritet i eit dårleg kommunebudsjett, dei gjekk ned 10 % i

lønn, eit tips til å visa solidaritet i Ullensvang og, trur nok at det likevel hadde vert nok igjen til sukker på grauten. Er de så romslege? Me får sjå. Og få ned talet på leiarar, 95 er alt for mange i forhold til innbyggjarar. Haugesund kommune har 83 leiarar og 20000 fleire innbyggjarar. (Det er på tide at det ikkje er berre vi på golvet som må jobba smartare og vere meir effektive.) Måtte berre få med detta sparetipset.

Laila M Midtbø
Innbyggjar og ansatt
i Ullensvang kommune

DAGENS GLADE

Flott pynt

EG HAR lyst til å gi ros til dei som har pynta gågata vår til jul. Heilt nydelig er den og et fint lyspunkt for oss alle.

Reidunn Bakketun

PARKERING

Om Odda parkering

VIL TILLATE meg å oppfordre HF til å forsøke og få svar alle de spørsmålene og merknadene som Tom Berge over lang tid har stilt angående Odda Parkering. Hverken daglig leder eller styreformannen har så langt svart offentlig. Ei heller ordfører. Spørsmålene dreier seg først og fremst om økonomi, men også innenfor loven om aksjeselskap også videre.

DETTE ER blitt en meget betent og tragisk sak som preger mer eller mindre hele lokalsamfunnet. Har også hørt at folk har stilt spørsmål om selskapet driver på bekostning av viktige oppgaver som innenfor helse og skole.

Knut Opedal